

## Nettverk av ressursjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling i Sogn og Fjordane

Nyhetsbrev 24.06.2018

### Kjære ressursjukepleiar og leiar

Her kjem nyhendebrev frå nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Førde. Vi ynskjer å gje informasjon om aktivitetar i nettverket, samt å gje dykk oppdaterte nyhende innan fagområdet kreftomsorg og lindrande behandling. Dette brevet vert sendt ut til alle våre 104 ressursjukepleiarar og deira leiarar. Vi vil også nytte høvet til å takke kvar og ein av dykk for innsatsen som de har bidrege med dette året. De er viktige, fordi de hevar kompetansen på dykkar arbeidsstad når det gjeld kreftomsorg og lindrande behandling.

### Kort oppsummering frå aktiviteten i vår

#### Nettverksmøter:

Lokale nettverksmøter vart arrangert på: Askvoll, Leikanger, Naustdal og Selje .

Tema i vår var Munntørrhet/ munnstell ved lokalgruppeleiarane og Samtale med etterlatne ved Marit Eikemo Halsnes.

Det er inspirerende å kome rundt og treffe ressursjukepleiarane. Vi møter engasjerte og takksame sjukepleiarar. Fleire gav uttrykk for at tema engasjerte og at det var godt med fagleg «påfyll» i ein elles travel kvardag.

#### Årleg fagdag 6 februar:

Vår årlege fagdag var på Thon Hotel Jølster. Det var 128 påmelde til fagdagen og tema for dagen var: Akutte biverknader, seineffektar og rehabilitering til kreftpasientar. Professor em Sophie D. Fosså var ein av hovudforelesarane. Ho er ei svært engasjert dame med eit stort engasjement for si forskning på seineffektar ved kreftbehandling. Ho gav fagdagen vår denne tilbakemeldinga: «dette er ein av dei betre fagdagane eg har vore på, dette kan de være nøgd med» Håvard Aagesen som lever med biverknader etter stråling i Hovud/halsregionen fekk gode tilbakemeldingar ved at 40 av 53 deltakarar syntes dei hadde hatt svært godt utbytte av hans innlegg.

Fagdagen fekk elles gode evalueringar av dei 58 personane som valde å svare på evalueringsskjema som vart sendt ut. Vi vonar at neste år er det mange fleire som gjev tilbakemelding på evalueringsskjema. Her har du høve til å være med å påverke tema og organisering av fagdagen.

#### Introduksjonskurs 12 juni:

Vi er glade for å ynskje velkomen 11 nye ressursjukepleiarar og 2 leiarar på introduksjonskurset på Høgskulen Sogn og Fjordane i Førde. Det var ein engasjerande dag med mange tema som dei skulle introduserast for. Det var tema som varierte frå praktisk bruk av medikamentpumpe til kva som kjenneteiknar den palliative pasienten.

## Gode hjelpemiddel / dokumenter i nettverket

### Undervisningsmalar (powerpoint) i sjukepleiarnettverket:

- ESAS-r
- IP til bruk i palliasjon
- Nettverket og rolla som ressursperson
- Grunnleggjande palliasjon

Ta kontakt med Marit eller Marthe på epost så sender vi undervisning til dykk.

### Reviderte / nye dokumenter:

- Kompetanseplanen finn du [Her:](#)

## Planar for hausten 2018

Nettverksgruppe	Stad	Dato
Indre Sogn	Aurland	27 august
Nordfjord	Sandane	17 september
Sunnfjord/Sogn I	Jølster	16 oktober
Sunnfjord/Sogn II	Solund	24 september

### Tema i haust er:

- Tryggleik og mestring til den palliative pasienten. Individuell plan og førebuande samtalar.
- Ernæring til pasientar med alvorleg og langtkomen sjukdom.



### World Hospice and Palliative Care Day Høgskulen i Sogndal 18 oktober kl 18-21

#### Tema for dagen:

- På liv og død- palliasjon til alvorleg sjuke og døyande v/professor I palliative medisin Stein Kaasa
- Finst det alltid lys I mørket ved prest Kjell Olav Nordheim og diakon Gitte Therkelsen Torstad.
- Innslag ved Frisklivssentralen og frivillighetssentralen I Sogndal.
- Pårørande erfaring ved Kari Malmanger.
- Kulturinnslag og lett bevertning med te, kaffi, frukt og kjeks.

Tema for denne dagen på verdensbasis er: Palliative Care- Because I matter.

Du finn meir informasjon om denne verdensdagen på <http://www.thewhpca.org/>

Denne dagen er eit samarbeid mellom kreftkoordinator i Sogndal, KLB, Palliativt team Førde og ressursnettverket for kreftomsorg og lindrande behandling Helse Førde. Denne dagen er open for alle, og er tenkt som eit folkeopplysningsmøte om palliasjon og lindrande behandling.

Du er velkomen til Sogndal.


### Hospitering:

Du er velkomen til hospitering på Kreftavdelinga og Kreftpoliklinikken i Førde. Dersom du har lyst til å hospitere er du velkommen til å ta kontakt med Seksjonsleiar Kreftpoliklinikk Monika Staberg Sunde [monika.staberg.sunde@helse-forde.no](mailto:monika.staberg.sunde@helse-forde.no) eller Seksjonsleiar Kreftsengepost Trine-Beate Berge Lauvås [trine-beate.berge.lauvas@helse-forde.no](mailto:trine-beate.berge.lauvas@helse-forde.no) Alle ressursjukepleiarar vert anbefalt å hospitere innan ein periode på 3 år(jmf. Kompetanseplanen)

### Det er høve til å søke støtte til reise og opphald.

Send epost til [marthe.hauge.aase@helse-forde.no](mailto:marthe.hauge.aase@helse-forde.no) I søknaden legg du ved namn, arbeidsplass, stilling og kor lenge du har vore med i ressursjukepleiarnettverket. Vi har lagt inn i budsjettet høve for 10 personar å få dekkede lågaste reelle kostnader ved reise og opphald. Din arbeidsgjevar må dekke permisjon frå jobb.

[Informasjon de treng, vert lagt ut kontinuerleg på nettverket si nettside:](#)



## Nyhende frå Kreftforeninga

● **Aktivitetsdag for barn, Nemo** på Laksevåg blir arrangert laurdag 18 august. Invitasjon vert sendt ut så snart den er klar. Invitasjonen går til alle krefttramma barnefamiljar.

● **Vardesenteret på Haukeland**

<https://kreftforeningen.no/vardesenteret/sentersider/haukeland-universitetssjukehus/>

● **Kreftforeninga** har opna Vitensenter i Oslo sentrum, det er ein ny arena for opplevingar, forskningsformidling og spennande arrangement. Les meir på:

<https://kreftforeningensvitensenter.no/>

## Informasjon frå fagfeltet

Helsedirektoratet lyser ut **prosjektmidlar til kommunane** kvart år. Alle kommunar kan søkje om midlar til prosjektet: **Kompetansehevande tiltak innan lindrande behandling og omsorg ved livet sin slutt.**

Tilskotet skal styrka kvaliteten i tilbodet i kommunane. **Søknadsfristen er 1.mars 2019.** Det er lurt å starta prosessen alt no, då det er krav om ein god og vel gjennomarbeida søknad. Dersom de treng råd og vegleiing, kan de ta kontakt med KLB.

Du finn også meir informasjon om tilskotsordninga på nettsida til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. [Sjå her:](#)

**Ny NOU** er snart klar og vert offentleggjort den 31.desember. Det er 17 år sidan førre NOU om palliasjon kom: NOU 1999:2 Livshjelp, behandling, pleie og omsorg for uhelbredelig syke og døende. For informasjon [Sjå her:](#) Vi vil råde alle til å sette seg inn i denne og ha den tilgjengeleg på arbeidsplassen.

**Ny nasjonal kreftstrategi** kom i vår: [Den finn du her:](#)

Dette er ei vidareføring og ei oppdatering av Nasjonal kreftstrategi 2013-2017 Sammen mot kreft.

**Det er kome ein ny prosedyre** knytta til **tunnelert spinal-eller epiduralkateter.** Fleire illustrasjonsvideoer for bruk og handtering på KLB si nettside: <https://helse-bergen.no/kompetansesenter-i-lindrande-behandling/palliasjon-verktoy-for-helsepersonell/tunnelert-spinal-eller-epiduralkateter>

## Kurs og konferansar i 2018

- **Kurs nivå C i Bergen 6 og 7 desember 2018**

For sjukepleiarar som har vidareutdanning i kreftsjukepleie/palliasjon i vår region.

- **Palliative fagdagar 12 og 13 desember 2018**

Grunnkurs i palliasjon for helsepersonell i kommunetenesta og på lokalsjukehus i regionen.

- **Regionalsamling for Livets siste dagar** i Bergen 28 november 2018.

Nettsida til KLB vert oppdatert kontinuerleg og her vert det lagt ut aktuelle kurs og konferansar: <https://helse-bergen.no/kompetansesenter-i-lindrande-behandling>

## Vi minner igjen på endring av mailadresser, namn, telefonnummer osv. :

Sjekk at ditt namn, namn på leiar, epost, arbeidstad og telefonnummer til både deg og leiar er rett på [Sjå her:](#)

Hugs å sende rett namn, tittel, e-post og tlf til deg og leiaren din til [Aud Myhre](#) ved KLB.

**Vi takkar for godt samarbeid dette året, og ynskjer dykk ein god og innholdsrike sommarferie der de finn energi og krefter til ein ny haust.**

**Venleg helsing frå**

**Marit Eikemo Halsnes**  
**KLB medarbeidar**

**Marthe Hauge Aase**  
**Leiar av driftsgruppa, KLB medarbeidar**

